

Prinsipielt Raudt

Versjon 2 GAD 12.01.2019 – sjå www.ydmyk.no/program_2018/ for andre versjonar

Seks spørsmål

1. Noreg er blant verdas mest demokratiske land. Men når hadde du sist kjensla av verkeleg å vere med på å ta ei viktig avgjerd? Sagt på ein annan måte: Når kunne du sist bestemme, ikkje berre stemme?
2. I vår tid gjer teknikk, medisin, informasjonsteknologi og vitskap generelt at det er mogleg for alle folk på jorda å leve utan naud. Kvifor er det likevel mykje naud og sjukdom og ei stor (og til dels aukande) kløft mellom rike og fattige?
3. Teknikk og teknologi gjer at all produksjon skjer raskare og meir effektivt enn før. Kvifor er arbeidstida ikkje redusert på 30 – 50 – 100 år (alt etter om ein tek med ferier og matpausar), og kvifor har Noreg ein statsminister som meiner arbeidstida må auke?
4. Det er stor vitskapleg semje om at det er nødvendig å bremse klimagassutsleppa. Kvifor er det likevel så vanskeleg å få til tiltak som kan «redde jorda»?
5. Noreg tar mål av seg til å vere den store fredsnasjonen. Kvifor er landet vårt likevel blant dei som har deltatt i flest krigar dei seinaste tiåra?
6. Verda endrar seg stadig fortare på alle sett og vis. Kvifor er det så mange som trur at den samfunns- og styringsordninga Noreg har no, er den best moglege?

Om du synest dette er tankevekkjande spørsmål, bør du lese vidare for å få med deg nokre prinsipielle og raude svar.

Bakgrunn

I rundt 200 år har først vår del av verda, og etter kvart stendig større delar av kloden og tilværet, vore styrt etter kapitalismens hovudprinsipp: *Det er pengane som rår*. Sagt på anna vis: Kapitaleigarane har det aller meste av makta i samfunnet; dei er få, men dei avgjer likevel det meste og det viktigaste. Det skjer lite nytt utan at det tener pengemakta. Og det gjeld alltid for eigarklassen å samle seg meir kapital enn han hadde før. Det viktigaste er difor å tene pengar. Kva ein tener pengar på og korleis ein gjer det, er ikkje viktig, berre ein får kapitalen til å vekse.

Når nokre få har stor makt, tyder det at dei mange er nokså maktlause. Den kapitalen som eigarklassen sit på, er samla opp gjennom utbyting av arbeidsfolk, naturen og fattigfolk i andre land. Kapitalismen utviklar seg og er slett ikkje den same i dag som for 200 år sidan. Det er også store skilnader frå land til land. Noreg er til dømes ein rimeleg godt fungerande velferdsstat. Andre statar er tungt undertrykkande diktatur. I mange land har arbeidarklassen klart å slåst til seg sosiale rettar og ein viss medverknad i styringa av samfunnet, men dette er i stor grad ferniss, og bakom skjuler det seg ein stendig meir reindyrka og kapitalistisk kapitalisme.

Gjennom imperialismen og kolonialismen har kapitalismen breidd seg over heile kloden. Avkoloniseringa har ikkje endra på dette. Da den kalde krigen tok slutt, vart til dømes landa i austblokk raskt innlemma i det rådande verdssystemet. Finanskapitalen har vakse til å verte blant dei største og viktigaste aktørane. Statsmakta – med sine særlege militære og juridiske rettar – er dei fleste stadene i verda ein integrert og sentral del av storkapitalen med direktørar som skiftar frå den eine til den andre jobben etter som det passar. Lovgjevarane har tilpassa regelverket maksimalt til beste for kapitalen. Om ei bedrift før gjorde det dårleg, vart eigaren fallitt. I dag er ansvar og kostnad

pulverisert gjennom aksjeselskap og andre konstruksjonar. Utviklinga dei siste tiåra er at velferd og infrastruktur i mange land vert gjort om frå fellesgode til varer på verdsmarknaden.

Profitørane har betre tider enn nokon gong. Verda er meir kapitalistisk enn nokon gong. Samstundes er livsgrunnlaget vårt – naturen, klimaet og artsmangfaldet – truga av omsynsløyse og profittjag. Over heile kloden ser ein resultat av jakta på kjappast og størst mogleg fortjeneste kombinert med kapitalismens anarkistiske fridom: klimaendringar, avskoging, nedfisking, forørkning, neddemming og meir til.

Dette systemet er ikkje berekraftig. Det er ikkje rettferdig. Og det er ikkje funksjonelt – for andre enn dei på toppen. Tvert om er det eit system som øydelegg både menneske og natur.

Kapitalismen

Samfunnsklassane

Noreg er – som andre kapitalistiske land – eit klassesamfunn. Med det meiner vi i Raudt at folk kan plasserast i samfunnsklassar som har ulike interesser. Det er to hovudklassar med interesser som står i skarp motsetnad til einannan: eigarklassen og arbeidarklassen.

Eigarklassen (borgarskapen, kapitalistklassen) er i hovudsak folk som eig eller kontrollerer produksjonsmiddel eller den private eller statlege kapitalen som ligg bak produksjonsmidla.

Arbeidarklassen i Noreg i dag finst i industri av alle slag, i handel, transport og tenesteyting, i sjukehus og skole, på kontor og i lagerhallar, på småbruk og i fiskeskøyter, blant kunstnarar og pensjonistar – anten arbeidet deira er organisert privat, offentleg eller kooperativt.

Eigarklassen har som hovudinteresse å behalde det kapitalistiske samfunnssystemet, medan det vil vere i arbeidarklassen si interesse å kvitte seg med profittjaget og mindretalstyranniet og innføre eit reelt folkestyre, sosialismen.

Både innanfor og mellom desse to klassene finst det sjikt som har ei uklar og skiftande stilling i klassekampen. Små butikkeigarar kan til dømes stå i motsetnad både til dei store kjedene og til eigne tilsette. I fabrikkane vil nokre av arbeidarane oppnå leiarposisjonar. I grupper med høgare utdanning vil nokre ende opp med rutinearbeid utan særleg sjølvstende, medan andre vil bli toppleiarar. Innan landbruk, reindrift og fiskeri vert det drive i både stor og liten skala.

Etter kvart som kapitalen et seg inn overalt, vert fleire og fleire til arbeidarar. Grupper som tidlegare hadde ein uklår plass i klassesamfunnet, får meir og meir preg av å vere maktlause og styrte arbeidarar. Dermed har også dei interesse av sosialismen, eit system der dei mange rår.

Kampen mellom klassane

Mellom eigarklassen og arbeidarklassen er det ein kontinuerleg kamp om økonomi, rettsreglar og sosiale og kulturelle tilhøve. Eigarane lever av den ekstra fortjenesta (meirverdien) dei kan tyne ut av arbeidarane. Konkurransetvungen internt mellom eigarane gjer at dei berre i beskjeden grad kan ta sosiale omsyn.

I Noreg i dag er eigarklassen stadig hissigare i klassekampen. Døma på dette er mange: Lønsnedslag, private lønsforhandlingar, svekka pensjonsrettar, liberalisering av reglane om arbeidstid, auka bruk av innleige, mediekampanjar som framstiller fagrørsla som gamaldags og bakstreversk. I denne kampen får eigarklassen støtte av systemberande og systemlojale. Dette er parti som vil halde på kapitalismen, og som og som ofte arbeider for å endre lovverket til fordel for eigarane.

På same vis er Noregs tilknytning til EU gjennom EØS eit hovudgrep for å svekke vilkåra for arbeidsfolk.

Fagrørsla er arbeidarklassen sitt viktigaste instrument for å slåst mot angrepa frå eigarane og for betre løns- og arbeidsvilkår og betre velferdsordningar. Diverre er organisasjonsgraden synkende, samstundes som fagrørsla er prega av lite grunnplansaktivitet utover dei tillitsvalde. Leiinga i store deler av rørsla er også sterkt knytt til det sosialdemokratiske og systemlojale maktapparatet, og dei held seg til politikken til dette apparatet i staden for interessene til arbeidarane. Dette har redusert høvet til å nytte dei sterkaste kampmidla arbeidarklassen har. Vi i Raudt arbeider for ei sjølvstendig fagrørsla som gjer aktiv motstand mot offensiven frå kapitalen og høgrekreftene. Vi ønskjer at fagrørsla også slåst ideologisk mot dagens samfunnsordning og for eit sosialistisk samfunn.

Kvinnekampen

Kapitalismen har tatt over kvinneundertrykkinga frå tidlegare samfunnssystem og vevd ho inn i økonomien, i samfunnsbyggnaden og i det daglege tilhøvet mellom kvinner og menn, slik at ho er ein del av dei herskande tankane. Eigarklassen tener mest på dette, men undertrykkinga gir også mennene ei rekkje materielle, sosiale og psykologiske fordeler. Samstundes fører kjønnsrollemønsteret vi blir sosialiserte inn i, til at heller ikkje menn får vere heile menneske og leve eit fullverdig liv. Dermed tener både kvinner og menn på kvinnekampen.

Kvinner har lågare løn og inntekt enn menn. Mange kvinner jobbar også deltid eller lever på låge trygder. Grunnlaget for den låge kvinneløna er kapitalismen sitt forsørgjarsystem, der familien ikkje berre er ei samlivsform, men også ei økonomisk eining med privat ansvar for forsørging og omsorg. Slik vert det til at menn har eit ekstra tilskot, ei løn som forsørgjarar. Kvinner vert låste fast i deltid og ulikeløn, samtidig som den store mengda omsorgsarbeid utan løn sparar utgifter for kapitalen. Kvinner som lever åleine, med eller utan barn, blir dei fattigaste. Forsørgjarsystemet styrkar også menn si individuelle makt over kvinner.

Når menn utøver vald mot kvinner, er det eit resultat av kvinneundertrykking og kvinneforakt. Prostitusjon, kvinnehandel og pornografi er ekstreme uttrykk for korleis kvinnekroppen blir gjort til ei vare som kapitaleigarar kan tene store pengar på.

Kvinneundertrykkinga må synast fram og bekjempast på alle frontar og heile tida. Vi i Raudt meiner dette må gjerast både ved særeiga kvinneorganisering og i samfunnslivet elles.

Miljøkampen

Kapitalismen byggjer på stendig vekst, og helst skal det vere aukande vekst, slik at kapitalen kan auke. Dette fører til rovdrift på naturen. Jorda har avgrensa med naturressursar, og det er grenser for kor mykje naturen og miljøet kan ta mot av utslepp og avfall før det vert uopprettelege skader. Skal dette unngåast, må økonomien respekter tålegrensene til naturen.

Det mest alvorlege problemet no er dei menneskeskapte klimaendringane, som i stor grad kjem frå uhemma bruk av fossilt brennsle og stendig aukande forbruk. Dette er eit resultat av kapitalismen sin logikk – profitten som vert oppnådd, må reinvestrast for å vekse. Fleire varer må produserast, og fleire varer må forbrukast.

Om dei naturlege rammene skal haldast, kan vi ikkje halde fram med dagens system av auka produksjon og forbruk. Om fattigare land enn vårt skal få ei rimeleg velstandsutvikling, vil det innebere forandringar i det leve- og forbruksmønsteret i dei vestlege landa. Kampen for å verne miljø og natur må ha både eit kvardagsperspektiv og eit antikapitalistisk perspektiv.

To nasjonar, mange kulturar

Den norske staten er grunnlagt på territoriet til to nasjonar, den samiske og den norske. Den samiske nasjonen er delt mellom fire statar. Den norske staten har tatt over samisk land og undertrykt samisk

økonomi, kultur og språk. Dette held fram i dag ved at samisk næringsliv og kultur må vike for kapitalkreftene innan gruvedrift, fiskeri og turisme. Vi i Raudt stør samiske krav om styrka råderett i samiske område, mellom anna slik det er fastslått i ILO-konvensjon 169 og FN's urfolksdeklarasjon.

Også dei andre nasjonale minoritetane (kvenar, romfolk, romanifolk, jødar og skogfinnar) har vore og er undertrykt av storsamfunnet. Det trengst offentleg finansierte krafttak for å trygge kulturen til desse.

Den globale kapitalismen har ført til store folkeflyttingar. Dels reiser folk fordi transport er blitt enklare og billigare, dels gjer dei det fordi nykolonialisme, krig, utbytting og miljøødeleggingar tvingar dei på flukt. Noreg er som imperialismakt og krigsnasjon medansvarleg i dette.

Dei fleste flyktningane beveger seg innanfor eigne landegrenser eller til naboland i den fattige delen av verda. Ein relativt liten del greier å kome seg til rike, vestlege land – nokre få av desse til Noreg. Her går mange inn i arbeidskraftreserven som billig arbeidskraft og blir utsett for diskriminering. Det same gjeld arbeidsinnvandrarar frå andre land. Rasisme og sjåvinisme retta mot desse gruppene splittar arbeidarklassen og gjer det lettare for eigarklassen å auke utbyttinga av arbeidarane i det heile.

Vi i Raudt arbeider for einskap og gjensidig respekt mellom arbeidarar frå alle land. Vi er for å bygge sterke fellesskap gjennom fagrørsla og andre samfunnsorganisasjonar og for å utnytte den styrken som ligg i eit samfunn med mangfald og kulturutveksling. Noreg bør ta mot langt fleire flyktningar enn i dag. Samstundes bør Noreg bidra mykje meir med å hjelpe flyktningar og migrantar i område der dei finst i verkeleg store tal.

Gjennom EØS-avtalen inngår Norge i eit system med fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeidskraft. Dette utnyttar kapitalen til å splitte arbeidarklassen og forverre løns- og arbeidstilhøva.

Statsapparatet

Staten vert gjerne framstilt som ein nøytral instans. Det er ikkje riktig. Statsapparatet (inkludert fylke, kommunar og stateigde bedrifter) har under kapitalismen grovt sett tre hovudfunksjonar: meklar, felleskapitalist og maktinstrument. I alle desse funksjonane verkar han djupast sett som ein reiskap for eigarklassen.

Som meklar lagar statsapparatet lover og system som får samfunnet og marknadsøkonomien til å gli best mogleg og i samsvar med interessene til kapitalen (og mest med interessene til dei største kapitalgruppene). Når det er strid mellom ulike delar av eigarklassen, kan ei sterk fagrørsla og andre gode krefter vere avgjerande for at lover og regelverk blir betre for folk flest og miljøet. Under kapitalismen vil likevel lovverket alltid vere utforma slik at den private eigedomsretten er det grunnleggjande.

Ein del av meklarfunksjonen vert utført via dei folkevalde organa, nasjonalt og lokalt. Dette gjev staten eit demokratisk preg, og til ein viss grad får folk innflytelse på dette viset. Men i alle vesentlege spørsmål er det likevel eigarklassen og kapitalen som rår.

Som felleskapitalist sørgjer staten for infrastruktur og standardisering som det ville vere lite hensiktsmessig eller umogleg for kvar einskild kapitalist å byggje ut eller vedta.

Som maktinstrument skal staten sørgje for å oppretthalde lov og orden og gje landet trygge grenser. Men det er også etablert eit overvakings- og kontrollsystem, både ope og i det skjulte. Formålet er delvis å gjere opposisjonelt arbeid vanskelegare og å førebu tiltak i tilfelle større samfunnsmessige

kriser skulle oppstå. Politiet og militærapparatet kan ved behov setjast inn mot dei makta ser på som sine indre fiendar.

Ettersom staten i hovudsak tener kapitalinteressene, vil også dei tilsette i statsapparatet i stor grad gjere dette. Folk i dei aller høgaste stillingane vil difor måtte reknast som ein del av eigarklassen. Mange av dei store organisasjonane (inkludert fagrørsla og dei politiske partia) er vevde inn i statsapparatet og delvis finansierte av staten. Tilsette og tillitsvalde i desse organisasjonane har stor risiko for å få svekka tilknytninga si til grunnplanet og bli ein integrert del av statsapparatet.

Noreg i verda

Imperialismen er den fasen der kapitalismen vert grensesprengande og global. Rivaliseringa mellom imperialismaktene og trongen deira til å utvide interesseområda sine førte førre hundreåret til to verdskrigr. På lengre sikt er faren for nye storkrigar ein vedvarande trussel mot folk i heile verda.

Oljeøkonomien har gjort at Noreg og norske bedrifter har vidtrekkande økonomiske interesser i utlandet. Noreg vert stendig meir imperialistisk, og det norske militærapparatet er blitt sterkare knytt til dei imperialistiske stormaktene. Det har blitt viktigare å sikre eigarklassen sine investeringar i utlandet og forsvare imperialismen ved å opptre som leigesoldatar i USA og Nato sine krigar.

Forsvar av norsk territorium er dei siste tiåra blitt ei underordna sak for norske regjeringar. Når no konfliktnivået mellom vest og aust aukar att, er tendensen at Noreg følger USA si line og stiller norsk territorium til disposisjon for amerikanske styrker. Vi i Raudt er mot denne utviklinga.

Vi stør folk og nasjonar som slåst mot okkupasjon og undertrykking og anerkjenner nasjonane sin sjølvråderett. Samtidig tar vi avstand frå undertrykking, overgrep mot sivile og innskrenking av demokratiske rettar, uansett kor i verda det skjer eller kven som står bak.

Etter den andre verdskrigen vart Noreg sterkt knytt til USA. Dei siste tiåra har den økonomiske utviklinga og dei politiske kontaktflatene også ført den norske staten nærare inn i EU-prosjektet. Store delar av ny norsk lovgjeving er det no EU og ikkje norske styresmakter som fastset. Å vinne att den norske sjølvråderetten gjennom å krevje oppheving av EØS-avtalen vil vere avgjerande for klassekampen i Noreg på svært mange område.

Den norske staten er søkkrik. I stor grad kjem rikdomen frå naturressursar som er fellesskapseige. Det gjer på den eine sida at Noreg har gode høve til å bruke meir på fellesgode og samstundes senke skatte- og avgiftstrykket for folk flest. På den andre sida tilhøyrar desse verdiane ikkje det norske folket aleine. Dei bør i stor grad delast med fattigare og utbytta folk i andre delar av verda.

Forsvarskamp og krav som er systemoverskridande

Også i land som Noreg, med ein av verdas høgaste levestandardar, er fagrørsla sin lønskamp nødvendig. Å gje avkall på lønsauke gjev berre eigarklassen fullare lommer. Marknadsdiktaturet er, i ytste forstand, ein freistnad på å kutte levestandarden for folk flest ned til det fysiske minimum for reproduksjon av arbeidskrafta. Berre folkets eigen kamp kan hindre ei slik utvikling.

Kapitalismen presser no på for privatisering av velferds- og fellestenester som lenge ikkje har vore direkte underlagt kravet om størst mogleg profitt. Kampen mot nedbygging og privatisering av offentlege tenester er viktig for den allmenne levestandarden. Kapitalistiske verksemder som ikkje er tilstrekkeleg profitable for eigarane, vil verte lagde ned, uavhengig av om dei er nyttige for samfunnet. Difor er kamp mot privatisering ein kamp mot at det som i dag er offentlege tenester for alle, i framtida skal bli tilgjengelege berre for dei som har råd til å betale den prisen kapitalen krev.

Under kapitalismen må arbeidsfolk heile tida kjempe for kollektive løysingar. I tillegg til å verne om velferdsordningane slik dei er i dag, tyder dette å arbeide for sterkt utvida fellesskapsløysingar. Det er nødvendig med ideologisk og politisk strid for å auke forståinga for dette hos arbeidarklassen og folk elles. Enda om ein kan få gjennomslag for einskilte krav i dagens samfunn, står ein slik utvida velferdsstat i motsetnad til kapitalismen, av di det medfører å bruke samfunnsverdiane til felles beste i staden for til rikdom for dei få. Kampen vil gi styrka innsikt i kor nødvendig det er å skape eit nytt samfunn, samtidig som debatten om dei konkrete krava kan gi betre forståing for korleis eit framtidssamfunn kan og bør sjå ut.

Det er ein føresetnad for kvinnefrigjering at familien ikkje lenger er ei økonomisk grunneining. Dette krev mellom anna likeløn og økonomisk sjølvstende for kvinner, kortare normalarbeidsdag og gode tenester for barn og eldre finansierte og organiserte av fellesskapet. Utvikling av kollektive løysingar for husarbeid og omsorg gir rom for nye og ulike former for organisering av forpliktande fellesskap, og dermed betre vilkår for personleg vekst og utvikling, ulike samlivsformer og eit fritt kjærleiksliv basert på respekt og likeverd.

Kampen for innføring av seks timars normalarbeidsdag med full lønsskompensasjon er eit døme på ei reformrørsle som peiker fram mot eit betre samfunn. Sekstimarsdagen vil gjere det mogleg for fleire kvinner å jobbe full tid og få full løn. Samtidig vert det lettare for menn å ta ein større del av det private arbeidet. Dette vil bidra til å endre arbeidsdelinga mellom kjønna. Om lønsslaveriet tek ein mindre del av døgnet for alle, vil demokratisk deltaking, fritidsaktivitetar og sosiale fellesskap få auka betydning.

Bustaden er sentrum for folks liv og utgjer i dag den største utgiftsposten for dei fleste. Bustaden må takast ut av marknaden, og det må verte ei fellesskapsplikt å skaffe husvære til alle. Det må utviklast kollektive buformer, der både den einskilte og fellesskapet bidreg til vedlikehald, mat, barnepass osv.

Helsestell og undervisning er samfunnsansvar. Dei bidreg til at samfunnet får den arbeidskrafta som trengst, men også til eit samfunn der fridom, skaparlyst og samhald står sentralt. Desse tenestene bør difor fullt ut vere organiserte og finansierte av fellesskapet. Skolen på alle nivå må verte integrert i samfunnslivet, ikkje som dagens skole som tvert imot er nærast fullt ut segregert. Ansvar for oppfostring av barn og ungdom kan ikkje vere plassert i den snevre familiesfæra, men må i større grad vere eit kollektivt ansvar. Dette tyder ikkje kostskolar eller barneheimar, men nye løysingar, der familie, nabolag og samfunnsinstitusjonar kan spele på lag.

I ei langtcome sosialistisk samfunn vil livsbehova til folk verte dekte av fellesskapet. Det er viktig at klassekampen i dag har dette som siktemål, og ein stad å starte kan vere å vurdere samfunnsløn – ein basissum som alle menneske har rett på. Det må vidare takast omfattande tiltak for å få dei mest utstøtte og stigmatiserte, til dømes dei med psykiske liingar og rusbrukarar, inn i samfunnet att. Dei største rusproblema i dag er knytt til alkohol, og kampen mot rus må starte her.

Kriminalitet må bekjempast med humane middel. Innesperring av folk i fengsel over lengre tid grenser mot tortur og er ikkje eit slikt humant middel.

Arbeidsfrie inntekter som berre kjem nokre få til gode, bør avviklast. Absolutt viktigast her er aksjeutbyte og liknande, men i eit samfunn med godt utvikla kollektive løysingar vil også slikt som arv og spillegevinstar kunne fasast ut. Ved at ein tek bustaden ut av marknaden og avskaffar speulasjonsgevinstar, vil ein allereie vere langt på veg i å redusere betydninga av eigedomsretten for folk flest. Ny teknologi gjer det særleg viktig å utvikle alternativ til den private eigedomsretten på det område som kultur og innovasjon (patentar).

Dei som har mest, har også råd til å yte mest til samfunnet. Skattesystemet må difor vere basert på progressiv skattlegging. Moms og andre typar flat skatt råkar dei med lågast inntekt hardast og lyt avviklast. Om det skal krevjast inn avgifter som er meint å styre forbruk, til dømes i miljøvenleg retning, bør det vere ein føresetnad at det finst reelle alternativ.

Sosialistisk framtid

Poenget med sosialismen er enkelt: å avskaffe kapitalen og utbytinga – og gjennom dette skape eit friare og betre samfunn for folk flest. I dette samfunnet vil hovudmålet med kvar einskild sitt arbeid ikkje vere å auke kapitalen til ein eigar, men å skape trygge og meiningsfulle fellesskap innanfor økologisk forsvarlege rammer – til eit samfunn som kan utvikle seg til å bli utan klasser, kvinneundertrykking, rasisme og diskriminering på grunn av legning. Eit samfunn der kløfta mellom styrande og styrte er erstatta av at alle har direkte innflytelse på eigne liv og på utviklinga av samfunnet. Eit samfunn der menneska sine grunnleggjande behov styrer produksjonen, og der alle kan leve eit allsidig liv med rike høve til å bruke evnene sine. Et verkeleg folkestyre.

I motsetnad til under kapitalismen bør det i sosialistiske samfunn råde stor valfridom. Utan denne fridomen er folkemakt illusorisk. I dagens utbyttersamfunn får arbeidaren betalt for ein del av arbeidstida si, medan arbeidsskjøparen tar ut verdien av resten (meirarbeidet) som profitt. Og systemet er slik at kapitaleigaren tvangsmessig må nytte denne profitten i ein stendig hardare konkurranse mot klassefellene sine – for å oppnå endå meir profitt. Når ein under sosialismen er fri frå profittvangen, kan folk i fellesskap drøfte og avgjere korleis overskotet skal brukast – valfridomen er stor: Kortare arbeidstid? Meir miljøvenlege produksjonstilhøve? Investeringar til beste for framtidige generasjonar? Forsking? Større produktutval? Omsyn til tradisjonar? Dette vil vere ein reell fridom, mykje større og meir ekte enn det som makta marknadsfører i dag. Det vil også vere ein fridom til å gjere dårlege val – og det bør det vere økonomisk og sosialt rom til.

Når Raudt i dette programmet seier lite om kva av dette vi ønskjer skal verte prioritert, er det med hensikt, for framtidas musikk kan og skal ikkje komponerast på førehand. Det er dei som konkret kjemper mot kapitalismen og konsekvensane av han, som skal vere komponistane.

Men vi kan setje opp nokre hovudprinsipp. Enklast er det kan hende å seie at sosialismen som eit minimum skal vere det motsette av kapitalismen: Det skal *ikkje* vere pengane som rår, det skal *ikkje* vere nokre få som har makta, og det skal *ikkje* vere profitt som er målet.

Makta hos dei mange

Når makta ikkje skal liggje hos dei få, må ho liggje hos dei mange. Og dette må vere reell makt. Allmenn stemmerett og val til politiske organ er sjølvsaagte rettar, men i det sosialistiske demokratiet må det liggje meir enn bare retten til å røyste kvart andre eller fjerde år.

Det er vanskeleg å svare konkret på korleis nye styringsmodellar vil sjå ut. Teknologiutviklinga skjer med enorm fart. Om tjue år vil verda, anten det er sosialisme eller menneska framleis lir under kapitalismen, vere svært annleis enn det vi kan tenkje oss i dag. Som vi i Raudt ser det no, meiner vi likevel at om folk skal få reell makt, så må det satsast meir på mindre samfunnseiningar, på lokalsamfunn av ulike slag. Det finst mange røymsler – både gode og mindre gode – frå slikt som arbeidastyre på fabrikkar, nabolagskomitear og deltakande budsjettering. Desse røymslene må studerast grundig. Når slike forsøk hittil ikkje har lukkast i særleg grad, kjem det gjerne av at dei har hatt det kapitalistiske hovudprinsippet, eit profittstyrt storsamfunn, som utgangspunkt. Slik kan det ikkje vere under sosialismen.

Eit av sosialismen sine kjennemerke er at arbeidarane har stor makt på jobben og at dei sjølve i stor grad kan avgjere korleis arbeidet skal organiserast. Verksemdar som er viktige for heile landet sin økonomi, må eigast av samfunnet og underleggast demokratisk styring og kontroll. Eksempel på dette er store bankar og finansinstitusjonar og store industriføretak som er knytt til utbygging av infrastruktur og utnytting av energi- og naturressursar.

Informasjonsteknologien gir oss stendig meir hjelp til å løyse problem som har knuga samfunnet i fortida. Internettet opnar for kommunikasjon i sanntid og gjer det mogleg å få omfattande informasjon om røynsler frå heile verda. Dette kombinert med nye produksjonsformer kan gjere at delar av produksjonslivet vert ført attende til lokalsamfunna, samstundes som ein kan ha planar og samarbeid på eit overordna nivå. Dersom dette vert nytta til beste for folk, og ikkje for å oppnå maksimalprofitt, byr det på gode høve til maktspreiing.

Automatisering og annan teknologi har redusert arbeidsmengda som trengst for å produsere varer. Denne produktivitetssauken er hittil i stor grad brukt til å gjere eigarklassen rikare og til å skyve arbeidsfolk ut i arbeidsløyse. Men auken kunne vore (og kan verte) nytta til å redusere den nødvendige arbeidstida i produksjonen. Slik vil folk få meir tid og krefter til å delta i styringa av samfunnet, både lokalt og i større samanhengar.

Kortare dagleg arbeidstid er særleg viktig for kvinnene, som under kapitalismen er pålagt ei mengd ubetalt arbeid innan heim og omsorg. Tiltak som kan redusere dette dobbeltarbeidet, lyt ein prioritere høgt, til dømes gode barnehagar, omsorgsbustader og fellesløysingar for slikt som matlaging og reinhald.

Utan profitt

Korleis unngår ein at profitten rår? Ved gradvis å ta varer ut av marknaden, slik at dei ikkje er varer lenger. I Noreg er store delar av skole- og helsevesenet ikkje styrt av marknaden, enda om eigarklassen slåst intenst for å ta over dette feltet også. Det er viktig å hindre at dei får vidare framgang i denne kampen.

Om ein ser bort frå dagens skrankar, i form av kapitalens kampkraft og EU-direktiv, vil det ikkje vere vanskeleg å overføre andre store samfunnsområde til felleseigedom for samfunnet. Det gjeld til dømes transport, energiutvinning og -forsyning, teletenester, arbeids- og bustadformidling, banktenester, barnehagar og kulturverksemdar. Dette kan gjerast nesten over natta. Samstundes kan ein fjerne kvasimarknader, som internfakturering i det offentlege og unødig eigenbetaling på helsetenester, utdanning og kultur.

Ein bør også se på det som utgjer dei største kostnadene for folk flest – og likevel er nærast heilprivatisert, som til dømes bustad og medisin. Bustadmarknaden kan regulerast på mange vis: til dømes ved konkurranse frå offentleg støtta husbygging, ved offentleg betalt infrastruktur, ved reguleringar av marknaden og spekulasjonshindrande lover og ved endringar i arvelova. Etter kvart vert det kan hende vanlegast at bustadene er samfunnseigde, utan at dette skal gå ut over tryggleiken til dei som bur der.

Medisinindustrien er eit av dei beste eksempla på kor urimeleg kapitalismen fungerer. Produkt som kan bety liv eller død for millionar av menneske, er eigde av verdsomspennande, patentsugarfirma som har eigarvinst som viktigaste – ja, strengt tatt einaste – suksessmål.

Steg for steg må sosialismen gjere det slik at det er nytteverdien av varer og tenester som er det sentrale, ikkje prisen og høvet til fortjeneste.

Ei grønare framtid

Ein sosialistisk økonomi bør vere mest mogleg berekraftig, slik at ikkje livsgrunnlaget for komande generasjonar vert øydelagt. Dette tyder at vi ikkje kan halde fram dagens system med auka produksjon og forbruk. Ressursane må fordelast meir rettferdig, og vi produksjonen må vriast over mot varer og tenester som ikkje overbelastar naturen, men som tvert om reparerer naturødeleggingar. Dei som har lite, må kunne auke sitt materielle forbruk på kostnad av dei som har mykje.

I framtida vil klimaomsyn, forvalting av jorda sine ressursar og bereevne – saman med teknologi og folk sine behov og vilje – avgjere innhaldet og takten i økonomisk utvikling. Når det ikkje lenger skal produserast meir og meir, kan vi i staden redusere arbeidstida og få meir fri tid til samvær, til deltaking i demokratiske forum og frivillige organisasjonar og til å utvikle oss som allsidige menneske.

Sjølv om sosialisme vil gje betre høve til å sikre at overskotet frå produksjonen kan nyttast berekraftig, er sosialisme ikkje nokon garanti for ein grøn og berekraftig politikk. Derfor trengst det også i framtida aktive miljørørsler for å trygge at fornybarsamfunnet kan realiserast. Det er dessutan nødvendig med sentralt vedtekne miljøreguleringar for å verne felles naturverdiar og miljøkvalitetar som har betydning for heile landet eller for ein større region og for å hindre urettferdig geografisk fordeling av fordelar og ulemper. Det trengst også internasjonale miljøreguleringar for å sikre globale og internasjonale miljøomsyn og for å bidra til ei meir rettferdig internasjonal fordeling.

I andre tilfelle kan ressursane styrast best lokalt. Vi i Raudt vil for eksempel arbeide for at eigarskapen til fiskerinæringa vert ført attende til kystbefolkninga.

Menneska sin verdi

Under kapitalismen har menneska ulik verdi. I eit sosialistisk samfunn vil arbeidarklassen overta makta, og slik vil ulikskapen mellom samfunnsklassane bli gradvis redusert.

Skiljet mellom mann og kvinne inneber at den eine halvparten av folket, kvinnene, generelt er lågare verdsett enn den andre, mennene. For å skape fridom for alle, trengst det eit systematisk arbeid for å avskaffe all kvinneundertrykking. Alle deler av samfunnet må arbeide målbevisst for at kvinner skal ha like stor makt og verdi som menn. Samtidig trengst det ei særeigen og sjølvstendig kvinneorganisering som stendig pressar på for vidare forbetringar.

Kapitalismen set arbeidsfolk opp mot kvarandre basert på hudfarge, bakgrunn og heimstad, tru, alder, kjærleiks- og samlivspreferansar eller andre tilhøve. Opp mot dette stiller vi i Raudt eit samfunn der eit menneske er eit menneske – der folk ikkje er like, men der dei er like mykje verdt.

Ei gruppe er ikkje fri dersom ho er med på undertrykkinga av ei anna gruppe. Det er nødvendig at flest mogleg blir medvitne om og kjempar mot undertrykking, også den dei sjølv tek del i. Dei undertrykte må sjølv organisere seg og ta leiinga i frigjeringskampen sin.

Den demokratiske revolusjonen

Sjølv om folk i Noreg har oppnådd mange og viktige demokratiske rettar, står sjølv kapitalismen i motsetnad til reelt demokrati. Det trengst ei radikal endring av maktforholda – ein demokratirevolusjon og ei vidareføring av arbeidarrørsla sin kamp for å gje vanlege kvinner og menn auka innverknad gjennom allmenn stemmerett, samt større sosial og økonomisk tryggleik gjennom oppbygging av velferdsstaten.

Når arbeidarklassen har overtatt den reelle og formelle makta, vert det mogleg med heilt andre direkte demokratiske prosessar enn i dagens samfunn. Arbeidarklassen kan ikkje styre innanfor

kapitalismen og den private eigedomsretten sine rammer og med utgangspunkt i eigarklassen sine lover og institusjonar. Det må i staden byggast ein reelt folkestyrt stat.

Når arbeidarklassen gjer slike grunnleggande endringar av det økonomiske systemet og opprettar eit reelt folkestyre, er det ein revolusjon. Vi i Raudt vil at dette skal vere demokratisk forankra og skje fredeleg. Dette krev at fagrørsla og andre store folkelege organisasjonar set spørsmålet på dagsordenen og at eit stort fleirtal av befolkninga stiller seg bak endringane. Standpunkta til folkefleirtalet vil kome til uttrykk i politiske aksjonar og kampar, i val og på annan måte før ei større omvelting, og dette vil endre den politiske samansetninga av folkevalde organ. Prosessen kan også føre til oppretting av nye demokratiske styringsorgan.

Av di demokratisk forankring er avgjerande, må fleirtalet sin oppslutnad stadfestast gjennom folkerøystingar og/eller frie val. Dette skil seg fundamentalt frå eit statskupp.

Historisk er det mange røynsler som viser at det vil vere motkrefter – både innanlands og i utlandet – som ikkje vil akseptere ei folkeleg, demokratisk maktovertaking, og det er stor risiko for at desse vil bruke uakseptable middel for å stogge revolusjonen. Dette lyt folket vere budd på. Arbeidarklassen er tryggast på eit godt resultat dersom klassen er sterk og velorganisert og har laga seg klare mål og forsvarsstrategiar. Det bør derfor alt no arbeidast for eit mangfald av sterke og reelt medlemsstyrte folkelege organisasjonar, der fagforeiningane er dei viktigaste.

Omveltinga vil vere sterkt prega av omstenda. Er Noreg det første landet i vår del av verda der det skjer ei slik maktovertaking, eller følgjer vi utviklinga i andre land? Er det stor arbeidsløyse og mykje elende i landet, eller har folk det materielt nokså bra? Har eigarklassen vore monaleg klok og stått fram som velmeinande samfunnsbyggjarar, eller finst det i arbeidarklassen eit sterkt hat mot kapitalistane? Er landet kasta ut i ei større miljøkrise, eller lever vi i tilsynelatande harmoni med naturen? Er maktovertakinga disiplinert og vel budd, eller skjer det ein spontan oppreist? Finst det utanlandske makter som ikkje vil godta at den norske arbeidarklassen tek eigarskapen til viktige ressursar? Svara på desse og andre spørsmål vil vere avgjerande for korleis revolusjonen vert sjåande ut – og korleis landet og livet er i den første tida etter.

Rettferd og fridom

Ytringsfridom, organisasjonsfridom, frie val, frie massemedium, streikerett, religionsfridom og uavhengige domstolar som garanterer for rettstryggleiken for einskildindividua – alt dette er grunnleggande rettar i eit sosialistisk samfunn. Retten til å kritisere og til å vere ueinig med styresmaktene må gjelde for alle, også for motstandarar av sosialisme. Alle må sikrast mot overgrep frå staten. Ei demokratisk vidareutvikling av det sosialistiske samfunnet avheng av at interessemotsetningar vert debatterte ope og at folk med ulike politiske syn organiserer seg.

Eit sosialistisk land treng ei aktiv fagrørsla, miljørørsla, kvinneorganisasjonar, antirasistiske organisasjonar og andre interessegrupper (nasjonalt og lokalt). Eit verkeleg demokrati betyr at alle får samle styrke til å snakke og bli høyrde.

Eit sosialistisk samfunn er ikkje eit idealsamfunn utan konflikhtar og interessekamp. Men i motsetning til i dag, då kapitalinteresser avgjer rammene for samfunnsutviklinga, vil høvet til å styre samfunn og økonomi i ei retning som kjem miljøet og fellesskapet til gode, både nasjonalt og internasjonalt, vere større.

Dersom den reelle makta blir liggande hos nokre få, tek det ikkje lang tid før desse vil bruke makta til å styrke egne interesser. Det må difor etablerast gode system for maktfordeling og maktkontroll, til dømes med rotasjon i verv og rett til å tilbakekalle representantar.

Internasjonal solidaritet er ei vesentleg side ved sosialismen, og eit sosialistisk Noreg må knyte band til og stø folkelege og framtidsvenlege rørsler i andre land. Utanrikspolitisk byggjer sosialisme på respekt, gjensidigheit og like rettar. Det er viktig å samarbeide med parti og organisasjonar som jobbar for sosialisme i andre land og å stø folk og nasjonar som kjempar for å lausrive seg frå imperialismen og byggje sosialisme utifrå egne føresetnader. Men ei slik solidarisk haldning skal likevel alltid vere kritisk.

Å hindre ein ny, øydeleggjande krig mellom stormaktene er nødvendig for å vidareutvikle den menneskelege sivilisasjonen. Å sikre freden er ein føresetnad for å kunne byggje sosialisme.

Meir enn sosialisme

Også sosialismen vil og kan endre seg over tid –både til det betre og til det verre. Det finst fleire døme på at forsøk på sosialisme har degenerert raskt. I staden for at folkemakta og fridomen vart utvikla vidare, gjekk leiinga i parti og stat over til å bli som tidlegare leiarar: herskarar over folket, ikkje tenarar for og av folket. Vegen attende til utbytting og undertrykking var då ikkje lang.

Ein generell lærdom av dette er at sosialismen, i tydinga samfunnet etter demokratirevolusjonen, ikkje kan vere eit mål, men berre eit steg på ein lang veg fram mot eit større fridomsrike. Målet for arbeidarklassen er gjennom klassekamp å fjerne klassane og slik også klasseundertrykkinga og anna undertrykking. Dette arbeidet må halde fram uavbrote under sosialismen, og det må skje i samvirke mellom folkelege organisasjonar av alle slag. Menneska ber i seg ei arv frå det gamle samfunnet. Utan kontinuerleg kamp og organisering mot undertrykking, er risikoen stor for at dei tidlegare strukturane bryt fram att. Difor må det organiserast motkrefter mot det spontane. Det vil også vere nødvendig med opposisjonelle, revolusjonære parti i den sosialistiske perioden.

Når ein etter kvart kjem stendig nærare målet om eit samfunn utan undertrykking, i harmoni med naturens tålegrenser, vil strukturar som statsmakt og militærmakt kunne svinne hen til eit minimum, og det vil vere mogleg å sjå konturane av eit verkeleg fridomsrike: ei verd der alle menneske er like mykje verdt, der ingen er styrande og ingen styrte, der pengar er historie, der eigedom er blitt til fellesdom – og der grunnprinsippet er «yte etter evne, få etter behov». Dette kallar vi i Raudt kommunisme.